

Kartlegging grein – Delprosjekt 3

Hovedfunn:

GREINSTATUS

- Greinene er generelt likefornøyd, eller mest fornøyd med sitt topp- elitearbeid, som breidde- og rekrutteringsarbeid. Unntak langrenn, som vurderer breidde som bedre.
- Greinene er positive til samarbeid innanfor rekruttering.
- Nokre av greinene har etablerte samarbeid innanfor spesielt arrangement og innanfor toppidrett med skismurning og utstyr/bil.
- Dei små greinene ser ut til å trenge meir tilgang på ressursar rundt sponsor og marknad.
- Dei større greinene har nok med sine utfordringar og kunne tenkt seg fleire ressursar som var dedikerte mot si spesifikke grein. Dette gjeld t.d kommunikasjon.
- Ingen av greinene nemner samanslåing av grein i sine tankar rundt ein strømlinjeforma greinstruktur med unntak om eit forslag om «alpint og nordisk».

REKRUTTERING - BREIDDE

- Dei store greinene er stort sett fornøyd med sin innsats rundt breidde og rekruttering. Alpint har ein stor budsjettpost på dette arbeidet (6 million). Alpint sine aktivitetar for breidde og rekruttering:

«Utdanningstiltak -Anleggssutvikling -Arrangementsutvikling -Breddesamling fra U12 og oppover -Telenorkarusellen -Breddesamlinger yngre utøvere sammen med landslag - Jenteprojekt -Fartsprosjekt -Samlinger på tvers av kretser -Kulturutviklingsprogrammet - felles kultur og mål -Økte budsjetter for bredde og rekrutteringsaktiviteter - totalt 6 mill. kr. for 2025 -Integreringstiltak - Parasatsing»

Langrenn har prioritert utdanningstiltak og har etablert skibyttehelg og er i etableringsfasen for programmet skiløftet. Dette inneheld ein del konsept under utarbeiding. Langrenn er einaste grein som ikkje arrangerer breiddesamlingar organisert frå sentralt hold.

Hopp, Kombinert og Telemark har organisert oppfølging rekruttering, breidde og elitesatning i større grad gjennom regionalisering i 3 – 4 regionsentre. For rekruttering og bredde er det også lagt til rette for nasjonale samlingar for breidde. Rekruttering.

Freestyle har etablert satsingsområder for breidde og rekruttering med ei eiga jentesatsing og nasjonale breiddesamlingar spreidt utover landet i samarbeid med klubbane.

GREINENE SINE TANKAR OM VIKTIGE OMRÅDER I FRAMTIDAS REKRUTTERING/BREIDDE FOR GREIN OG SKIIDRETEN GENERELT

Generelle samanfallande svar:

- Tilgjengelighet – anlegg/miljø
- Fleire heilårsanlegg og anlegg som dekker fleire greiner og som er utforma slik at dei motiverer til rekruttering til skisporten generelt.
- Rekruttere trenere og foreldre

Det er forskjell på kva område og aldersgruppe greinene svarer ut på når det gjeld framtidens rekruttering. Dei mindre greinene tek opp regionale og lokale tiltak og samlingar i lag med nasjonale samlingar for yngre deltakarar. Langrenn og alpint spesifiserer i stor grad deira innsatsområde etter U12 alpint og U16 langrenn. Der vert det lagt vekt på lokal rekruttering og regionale tiltak med tilhøyrande ansvar.

ØKONOMI

- Ingen av greinene føreslår greinsamanslåing i vår undersøkelse på noko felt for å bespare, eller utnytte ressursane effektivt.
- Ingen av greinene ser klare samarbeidsområder, som allereie ikkje er etablert. Det er tvert om større ynskje om å tilføre greinspesifikke ressursar for å løyse dagens utfordringar.
- Dei mindre greinene ser større nytte i samarbeid med dei større greinene enn dei større ser mot dei mindre. Dei større har i utgangspunktet nok med å drifte sine eigne greiner, og kunne trengt fleire greinspesifikke ressursar. Dei mindre greinene har ynskjer om samarbeid innanfor marknad, arrangement, trenarutdanning og generelle adm. ressursar.
- Greinene sine eksisterande samarbeid innanfor besparelsar dreier seg om utstyrssamarbeid, arrangement og skipool.
- Innanfor administrative samarbeidspotensiale for besparelsar, så nemner greinene konkrete funksjonar som innebærer ansettingar eller meirkostnadar (flytte oppgåver til sentralledet).
- Innanfor temaet økonomiske besparelsar, så ser greinene mot andre felt enn greinsamarbeid, i framlegg til tiltak. Td: møtekoststnadar, skistyrets virksamhet, kretsane sin organisering og skiklubbutviklerprosjektet).